

Oppdragsgjevar: **Vestland fylkeskommune**

Oppdragsnr.: **52401552** Dokumentnr.: **01**

**Til:** Sunnfjord kommune

**Frå:** Norconsult Norge AS

**Dato** 2024-12-09

## ► **KU vurdering for Fv. 57 Perhaugen - Espeland**



Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

## Innleiing

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juni 2017, § 4 skal forslagsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gitt av forslagsstillar skal ansvarleg mynde (Sunnfjord kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunnjevast.

Forlagsstillar for dette planarbeidet er Vestland fylkeskommune. Vurderinga er utarbeidd av Norconsult Norge AS for forslagsstillar.

## Planområdet og tiltak planen skal legge til rette for

Norconsult Norge AS er engasjert av Vestland fylkeskommune for å utarbeide ein ny detaljreguleringsplan (Fv. 57 Perhaugen – Espeland) som skal erstatte eksisterande detaljreguleringsplan Fv. 57 Perhaugen - Storehaugen, vedteken i 2019. Hovudføremålet til den nye planen heng saman med framtidig utbygging av E39 Storehaugen – Førde (Hafstadjelltunnelen), der ein ønskjer å justere og forbetre vegen i gjeldande plan gjennom å nytte seg av masseoverskotet frå tunnelprosjektet.

For delar av vegstrekninga, Storehaug – Espeland har Statens Vegvesen (SVV) utarbeidd eit planframlegg som ligg ute på høyring. Tiltaket planen skal legge til rette for knyter seg til plangrensa til planen til SVV i aust og om lag 350 meter vest for Perhaugen i vest.

Planområdet er avgrensa til delar av gbnr. 202/26 og 211/23 med tilgrensande eigedomar langs fv. 57.



Figur 1: Gjeldande detaljreguleringsplan for Fv. 57 Perhaugen – Storehaugen. Det nye planområdet vil i hovudtrekk bli korta ned i aust og forlenga i vest. I søraust ligg E39, Vadheimsvegen og i nord ligg førde lufthamn. (Arealplaner.no).

Tiltaka planen skal legge til rette for omfattar mellom anna planlegging av ny fv. 57, klassifisert som Hø1-veg. Ein slik veg er definert som øvrig hovudveg med fartsgrense 80 km/t og ÅDT < 4000.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

Det skal også etablerast GS-veg langs med fv. 57. Denne går delvis på eksisterande fylkesveg, og delvis etablerast ny på nordsida av fv.57. GS-vegen har også funksjon som tilkomst til eigedomar, og skal derfor etablerast med breidde 3,5 meter. Der det vert behov for rekkverk, skal det leggest til eit rekkverk som på 0,75 meter.

Vest i planområdet vil det bli planlagt for etablering av ny bru over Fauskeelva, sør for dagens bru.

Mellom fv.57 og GS-veg skal avstanden være 3 meter for å unngå rekkverksbehov mellom veg og GS-veg.

Tilkomst til landbrukseigedomar skal utformast i tråd med "Normaler for landbruksveier" (august 2016). Landbruksvegar utformast som traktorveg klasse 7, med maks 15 % stigning. Tilkomst må utformast i tråd med krava til avkøyrslar frå N100 dei første 5 meter.

## Tilhøve til planar og overordna føringar

### Nasjonal transportplan (NTP)

Nasjonal transportplan 2025-2036 blei lagt fram av Støre-regjeringa 22. mars 2024, der E39 Storehaugen – Førde blei prioritert som eitt av åtte samferdsleprosjekt dei første seks åra. Prioriteringa kjem av m.a. behovet for å redusere reisetida, samt betring av trafikktryggleika og framkomme for tungtrafikken.

Det overordna transportpolitiske målet er å vere «eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i heile landet.» Regjeringa sine mål for NTP er mellom anna.:

- Betre mobilitet for menneskjer og næringsliv i heile landet
- Redusere klimagassutslepp og auke omsyn til natur
- Auke transporttryggleika gjennom nye og forsterka tiltak
- Auke vektlegginga av samfunnstryggleik og beredskap

### Regional transportplan Vestland (RTP) 2022-2033

I RTP 2022-2033 er det lagt fram ei rekke hovudmål for den strategiske retninga ein ønskjer samferdslesektoren i Vestland skal ha framover. Hovudmåla overlappar på fleire punkt med Regjeringa sine mål for NTP, og består av følgjande punkt:

- Tryggleik (nullvisjon om at ingen skal bli drepen eller hardt skadd)
- Effektivitet (gode forbindingar mellom menneskje, varer og tenester)
- Framtidsretta (transportsystem som legg til rette for framtida si transport)
- Klima- og miljøvenleg mobilitet (fotavtrykket frå reisene skal vere lågt eller ikkje-eksisterande)
- Berekraftig (økonomi, miljø og sosial berekraft)
- Målkonflikt (velje ulike mål opp mot kvarandre for å få eit best mogleg avgjerdsgrunnlag)
- Føringar (med særleg vektlegging på Utviklingsplanen til Vestland og berekraftsmåla til FN)

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

## Kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel

Området er avsett til LNF-noverande i kommunedelplan Langeland – Bringeland frå 2001. Ein liten del av detaljreguleringsplanen ligg innanfor eit område der det ligg retningslinje om at friluftsliv er dominerande. I forslag til ny kommuneplanens arealdel (2023-2034) er området rundt detaljreguleringsplanen avsett til LNF. Fotavtrykket til detaljreguleringsplanen er avsett til føremål for gang./sykkelveg, veg, anna vegareal (SK).



Figur 2: Kommunedelplan Langeland – Bringeland (2001) og gjeldande reguleringsplanar (Kommunekart.com).



Figur 3: Forslag til ny kommuneplanens arealdel 2023-2034 (kommunekart.com).

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2030 er Hafstadfjellprosjektet (E39 Storehaugen – Førde) trekt fram som eit av to store vegprosjekt på riks- og fylkesvegnettet som vil få konsekvensar for arealutviklinga i Sunnfjord gjennom prioritering i NTP. Prosjektet vil gje store masseoverskot, og det blir ein viktig oppgåve å ta stilling til bruk og plassering av dette i forslag til ny arealdel. I samfunnsdelen vert jordforbetningsprosjekt innan landbruk og rassikringstiltak trekt fram som områder der ein gjennom planprosessar burde nytte seg av overskotsmassane.

## **Planframlegget og verkeområde til forskrifta om KU**

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8).

- Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram.
- Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for vert fanga opp av eit eller fleire av kriteri i § 10 i forskrifta.
- Det er ikkje krav om planprogram for planar som fell innanfor verkeområdet til § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

For dette tiltaket må det først vurderast om det fell inn under forskrifta § 6 pkt. b, *reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntaket frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.*

Unntaket i paragrafen vil ikkje gjelde i dette tilfelle fordi alle konsekvensane av det nye tiltaket ikkje er konkret utgreidd i tidlegare plan.

Ved gjennomgang av vedlegg I er det vurdert at ingen av punkta er aktuelle for tiltaket og at planen ikkje fell inn under verkeområdet til § 6 i forskrifta.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

Neste spørsmål vert om tiltaket fell inn under § 8 som skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for vert fanga opp av eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta.

For dette tiltaket er spørsmålet om det fell inn under § 8 pkt. a, *reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg II. Unntaket frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.*

Som synt til over, vil ikkje alle konsekvensane av det nye tiltaket vere konsekvensutgreidd tidlegare.

Ved gjennomgang av vedlegg II, er det fire potensielt aktuelle tiltak:

*1 a). Prosjekter for omstrukturering av jordeiendommer.*

*10 e) i. Bygging av veier*

*11 k). Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m<sup>3</sup> masse.*

*13. Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlige virkningar.*

Alle tiltaka ovanfor kan altså utløyse krav om konsekvensutgreiing. Det avgjerande er om tiltaket vert fanga opp av kriteria for vesentlege verknader etter § 10.

## Vurdering i høve kriteria i § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar


I vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, skal det takast omsyn til eigenskapar ved planen eller tiltaket, lokalisering og påverknad på omgjevnadene. I tillegg skal ein vurdere eigenskapane ved verknadane. I den påfølgjande vurderinga av planarbeidet opp mot kriteria, er det gjennomgåande nytta «planområdet». Det betyr planområdet med ei tilhøyrande buffersone som i praksis vil vere influensområdet.

## Eigenskapar med planen og tiltaka som planen opnar for

Framlegg til planområde er synt i figur 4, og er på om lag 234 daa. I aust knyter planen seg til forslag til detaljreguleringsplan Espelandsdalen utarbeidd av Statens vegvesen (SVV), og er avgrensa til litt forbi brua i vest. Ved å forlengje planområdet noko lenger vest frå Perhaugen sikrar ein kopling til veglinjene som blir vurdert i kommunedelplan Fv.57 Båtevika-Storehaugen. Når ein i seinare fase får detaljert og låst endeleg linjeføring vil ein kunne innskrenke meir av planområdet.

Ved Perhaugen ligg det ein detaljreguleringsplan frå 1988 med same namn. Denne regulerer i hovudsak bustadområde, friområde og internveggar (inkl. ein liten del av fylkesvegen heilt i sør).


Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
 Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01



Figur 4: Planområde for Fv. 57 Perhaugen – Espeland

Planarbeidet føreset omdisponering av myr og jordbruksareal som følgje av arealbeslaga ein treng til justering/oppgradering av veg og etablering av gang- og sykkelveg. Det ligg ikkje føre planar om etablering av funksjonar innanfor området som skapar utfordringar i høve avfall, forureining eller risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01



Figur 5: Plangrense DR Perhaugen-Espelend er synt i raud stipla linje. Gjeldande reguleringsplan (Perhaugen, Fv.57 Perhaugen-Storehaugen) og framlegg til reguleringsplan (Espelandsdalen) er synleggjort i bakgrunnen (Arcgis.com).

## Lokalisering og påverknad på omgjevnadane

Underpunkta for vurdering av påverknad gjev i liten grad presise kriterium, og det er dermed trong for bruk av skjønn. I vurderinga reknar vi med at terskelen for å rekne slike følgjer som er nemnt i forskrifta som «vesentleg», er forholdsvis høge, og at reguleringsplanar med «normal» konflikt- og kompleksitetsnivå ikkje fell inn under det saklege verkeområdet for utgreiings- og handsamingsreglane i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Vurderinga er basert på informasjon som er henta frå nasjonale databasar med stadfesta informasjon.

Fleire av underpunkta kan vere relevante.

I § 10 står det at det skal gjerast ei vurdering av om planen kan føre til eller komme i konflikt med (forskrifta sin ordlyd med kursiv skrift).

*pkt.a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, venede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven*

I Miljødirektoratet sin kartdatabase går det fram at det ligg nokre naturreservat i omlandet rundt tiltaksområdet, men ingen av desse er vurdert å kome i konflikt med tiltaka.

For utvalde naturtypar er det ingenting registrert i nærleik til området.

Når det gjeld prioriterte artar (artar som har nasjonal forvaltingsinteresse) føreligg det ingen registreringar innanfor tiltaksområdet. Om ein tek utgangspunkt i ei sone på rundt 1 km rundt tiltaksområdet finn ein

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

registreringar av dei trua artane fiskemåke, gulspurv, vipe og ål. Det ligg også registreringar innanfor sona av den nær trua arten skorpefylltav, samt arten musvåk som er ein spesielt omsynskrevjande art.

Sørlege del av tiltaksområdet ligg innanfor nedbørsfeltet til det verna Gaularvassdraget.

Området ligg ikkje i nærleik til nasjonal laksefjord eller laksevassdrag.

Den trondheimske postveg som er eit statleg listeført regionalt kulturmiljø kryssar tiltaksområdet heilt i vest ved Perhaugen. Lenger mot aust ved Espeland er det i samband med utarbeiding av detaljreguleringsplan Espelandsdalen registrert tre automatisk freda kulturminnelokalitetar. Desse ligg heilt eller delvis ligg innanfor dagens plangrense og er synt i figur 5. Områda består av enkeltminneartane:



Figur 6: Automatisk freda kulturminnelokalitetar ved Espeland (Kjelde: Naturbasekart/Miljødirektoratet).

Espeland 1. Busetnad-aktivitetsområde frå merovingartid (perioden mellom folkevandringstid og vikingtida)

Espeland 2. Gravfelt frå vikingtida

Espeland 3. Busetnadsspor, kulturlag, dyrkingsflate, aktivitetsområde og lokegrop med fleire dateringar

*pkt. b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv.*

I Miljødirektoratets naturbasekart inngår ikkje tiltaksområdet i hotspot-område for trua artar.

Det er ikkje funne informasjon om at det ligg viktige naturtypar i området.

Området er i databasen NIN-landskapstypar definert som eit relativt opent dallandskap under skoggrensa med bebyggelse/infrastruktur.

Av kulturminne som ikkje er nemnd ovanfor er det registrert ein kulturminnelokalitet av typen eldstad med vernetypestatus fjerna (aut. freda) i tiltaksområdets austlege del. I området rundt Espeland, samt aust og vest for Perhaugen ligg det fleire SEFRAK-registrerte bygningar.

Det er ikkje funne viktige mineralressursar i området i NGU sine databasar.

Rundt tiltaksområdet ligg det fleire større areal som har status som viktig og særst viktige friluftslivsområde. Av desse er det berre den trondheimske postvegen frå Bygstad til Bringeland som er innanfor tiltaksområdet vest for Perhaugen.

*pkt. c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.*



Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

Tiltaket legg til rette for samfunnsnyttig bruk av overskotsmassar til opparbeiding og endring av fylkesvegen og etablering av ny gang og sykkelveg. Regionale mål ved tiltaket er at det opnar for å knyte HAFS-regionen tettare til flyplassen på Bringeland og arbeidsmarknaden i Førde med kortare reisetid. Tiltaket bidreg også til auka nytteverdi av Dalsfjordbrua, og det vert etablert ein sikker omkøyringsveg for E39 mellom Lavik og Storehaugen. Lokale mål med tiltaket er m.a. at Bygstad vert meir attraktiv som bustad-, arbeids-, og serviceområde (BAS). Det gjev også god tilknytning til bustadområde og lokalsenterfunksjonar som butikk, skule, samfunnshus og kyrkje.

Arbeidet er vurdert å ikkje vere i konflikt med rikspolitiske retningsliner for barn og unge.

Opp mot Storehaug ligg vegen innafor verneplangrensa for Gaularvassdraget. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag (T-1082) gjeld for følgjande del av verneobjektet:

- Vassdraget, dvs. hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidd langs objektet.
- Andre delar av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert har innverknad på verneverdien til vassdraget.

Gjennom dei nasjonale måla for forvaltning av verna vassdrag er det trekt opp mål i høve landskap, naturverdiar, kulturverdiar og friluftsliv. Vegtiltaket handlar om justering og utviding av eksisterande og nytt terreng. Dette gjeld også den delen av vegen som ligg innafor verneplangrensa. Tiltaket er vurdert å ha liten innverknad på landskapet ettersom den ligg i tett nærleik til eksisterande veg som er eit etablert inngrep.

Oppsummert er det vår vurdering av vegtiltaket ikkje kjem i konflikt med RPR for verna vassdrag.

*d) Større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet.*

Tiltaka vil føre til omdisponering av dyrka mark og myr. Desse temaa er konsekvensutgreidd i gjeldande plan og vil bli revidert i nytt planframlegg.

*e) Økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet*

Ikkje aktuelt

*f) Konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning*

Ikkje aktuelt

*g) Vesentlig forurensning eller klimagassutslipp*

Eit av tiltaka planen skal leggje til rette for er etablering av ny bru (sør for dagens bru) over Fauskeelva ved Perhaugen. Det er i tillegg fleire andre vassmiljø i området som kjem i berøring med veganlegget. Vasskvaliteten i desse vassmiljøa kan bli negativt påverka anleggsperioden kan vasskvaliteten bli dårlegare

Delar av tiltaket vil medføre noko omdisponering av myrareal. Myr er tidlegare vurdert under tema naturmangfald i konsekvensutgreiinga til gjeldande plan. Det vert tilrådd å utarbeide eit klimagassrekneskap for å få informasjon om karboninnhaldet i myra og tiltaket sin klimabelasting.


*h) Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom*

Området ligg over marin grense. Det er registrert aktsemdområde for flaum i Gjøsetelva som kryssar tiltaksområdet ved krysset til Bringeland, samt ved to mindre elvar som kryssar tiltaksområdet ved brua på

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

Perhaugen og ved Espeland. Aktsemdområda er synt i figur 6. Det føreligg elles ingen faresoner/aktsemdområder for ras, skred eller flaum

Vi reknar problemstillinga ved flaumskred til å ligge innafor “normal” konflikt- og kompleksitetsnivå i ein reguleringsplan og fell difor ikkje inn under det saklege virkeområdet for utgreiings- og handsamingsreglane i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Problemstillinga bør likevel vurderast av fagkyndig som del av ROS analyse av område.



Figur 7: Aktsemdområde for flaum rundt tiltaksområdet. Kjelde: NVE Atlas.

## Konklusjon

Vår vurdering er at tiltaket ikkje fell inn under forskrifta § 6 og vi har dermed vurdert om tiltaket kan falle inn under §8, tiltak som skal konsekvensutgreiast viss planen eller tiltak som planen legg til rette for vert fanga opp av eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta.

Etter ein samla gjennomgang av oppfangingskriteria er det vår vurdering at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar gjer seg gjeldande.

Det er ikkje krav om planprogram for planarbeid som vert fanga opp av § 8 i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Planen med tilhøyrande utgreiingar skal utarbeidast med utgangspunkt i referat frå oppstartsmøte, innspel til varsel om oppstart og føringane i kap. 5 i forskrifta om konsekvensutgreiingar. I samsvar med §§ 20 og 21 i forskrifta legg vi til grunn at utgreiingsarbeidet vert avgrensa til tema der planen kan få vesentlege verknader, samt at utgreiingane vert basert på tilgjengeleg informasjon.

Gjennomgangen i dette notatet, syner at fokus bør rettast mot tema kultur og vassmiljø.

For tema kultur gjeld dette hovudsakleg grunna dei automatisk freda kulturminnelokalitetane som er funne gjennom utarbeiding av detaljreguleringsplan Espelandsdalen. Konsekvensutgreiinga for tema kultur i gjeldande reguleringsplan tar ikkje høgde for kva betydning desse lokalitetane kan ha for resten av storområdet. Som følgje av utviding av tiltaksområdet mot vest vil ein også ligge nærare den trondheimske postveg.

Vegtiltaket som planen legg til rette for vil komme i berøring med ulike vassmiljø (i form av elvar og bekkar) innanfor planområdet. Det må difor rettast fokus på vassmiljø gjennom å avklare i kva grad vasskvaliteten vert påverka av vegtiltaket i anleggsfasen.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune  
Oppdragsnr.: 52401552 Dokumentnr. 01

Sidan planområdet er utvida mot vest må tidlegare utarbeidd konsekvensutgreiing for «ikkje prissette tema» supplerast i nytt planframlegg.

Det vert også anbefalt å utarbeide klimagassrekneskap som eit supplerande grunnlagsdokument for å få informasjon om karboninnhaldet i myra og tiltaket sin klimabelasting.

Det utelukkar ikkje at kommunen eller andre mynde kan stille bestemte krav til forslagsstillar om utgreiing osv. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

J05	2024-12-06	Justert tekst og planområde	SinEik	AKR	AKR
J04	2024-05-23	For bruk	SinEik	AKR	AKR
C03	2024-05-21	For gjennomgåing hjå oppdragsgjevar	SinEik/AMG	AKR	AKR
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.